

forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

# ÅRSMELDING 2012

## 1. Innleiing

### Kven er FNF


Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) i Møre og Romsdal er eit nettverk for mange friluftslivs- og naturvernorganisasjonar i Møre og Romsdal med til saman over 20 000 medlemskap. FNF Møre og Romsdal skal arbeide for å sette friluftsliv og naturvern på dagsorden. Auke bevisstheita om helse og livskvalitet samt kor viktig det er å ta vare på naturen og miljøet rundt oss. Med sin opne medlemstilgong og demokratiske styreform utgjer dei friviljuge natur- og friluftslivsorganisasjonane eit talerør for brukarane av allemannsretten i norsk utmark.

FNF vil påverke i alle typar plansaker og enkeltsaker som har konsekvensar for naturverdiar og friluftsliv. Dette vil først og fremst være fylkesplanar, viktige kommuneplanar, men også i nokre høve reguleringsplanar. Langsiktig påvirknings- og haldningsarbeid ovanfor besluttande myndigheter og opinion.

Sette saker vedrørende natur og friluftsliv på den samfunnsmessige dagsorden. Etablere god kontakt med myndigheitene. Kompetanseoppbygging i organisasjonane.

FNF Møre og Romsdal har kontor i friluftslivshuset i Batnfjorden. Kontoret er bemanna av koordinator med tlf. 46431427 med epostadresse; [moreogromsdal@fnf-nett.no](mailto:moreogromsdal@fnf-nett.no).

FNF Møre og Romsdal blir styrt av arbeidsutvalet som består av valde representantar frå medlemsorganisasjonane. FNF Møre og Romsdals høgste organ er det årlege fellesmøtet kor alle medlemsorganisasjonane er representert. Fellesmøtet har vedtekne eigne retningsliner for organiseringa og drifta av FNF Møre og Romsdal.



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

## Hovudmål og tiltak 2012

2011 var det første året med ein koordinator i 100 % stilling i heile året. Koordinatoren er ansatt hos Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal (sidan 9. august 2010). Koordinatorstillinga dei første to åra av FNF Møre og Romsdal (2000-2001) låg hos Naturvernforbundet, dei neste 8 åra hos NJFF (2002-2010).


Hovudmål for 2012 har vore å byggje opp organisasjonen FNF til å bli noko som får ein større slagkraft knytt til natur- og friluftsspørsmål. Vi har oppsøkt dei større medlemsorganisasjonar og halde møter med desse. Vi har også prøvd å knyte kontaktar med organisasjonar som har felles interessefelt med FNF, men som ikkje er medlemsorganisasjonar. Ein av oppgåvene til FNF er å danne samarbeid mellom aktørane, og det føler vi at vi lykkas godt med.

I 2012 (og 2011) hadde vi eit eige prosjekt støtta av fylkeskommunen. Prosjekt samarbeid med 4 arbeidspakker(AP); AP 1 - kartlegging og nettverksbygging av dei organisasjonar som har friluftsliv som interessefelt i fylket vårt, AP 2 – utvikle samarbeidsform mellom fylkeskommunen og friluftslivsorganisasjonane i fylket vårt, AP 3 - synleggjere behovet for areal til friluftsliv i Møre og Romsdal og AP 4 – nettbasert informasjon om gode forslag for tilrettelegging for friluftsliv på rett stad med det rette tiltaket. Sjå eigen sluttrapport for prosjektet av 31.01.2013.

## Utviklinga, resultat og utfordringa vidare

Det har vore ein positiv utvikling ved at FNF har fått ein konstant ressurs. Vi meiner at vi har kome godt i gang med kontaktarbeidet for organisasjonane og har no 12 organisasjonar under FNF-paraplyen. Dette arbeidet har vi tenkt å fortsette med i åra framover til også å omfatte dei mindre organisasjonane.

Eit hovudmål også for 2012 har vore å skape eit meir forutsigbart og stabilt økonomisk grunnlag for organisasjonane tilknytt FNF. Frå 2011 kom 4 nye organisasjonar (Naturvernforbundet samt turistforeningane) under fast driftstilskotpost frå fylkeskommunen utan at ein må søkje årleg. Vi manglar framleis at speidarane våre samt 4H kjem med under fast årleg driftstilskot,



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

men dette arbeider vi med.

Det ble i 2004 oppretta ein eigen nettstad for FNF i alle fylker [www.fnf-nett.no](http://www.fnf-nett.no). Koordinatoren har ansvaret for å oppdatere og leggje ut informasjon om aktiviteter som skjer i regi av forumet på heimesida. Aktuelle saker knytt til FNF sine interesser blir lagt ut på heimesida jamnleg.

## 2. Saker (eksternt)

### Saker/uttalelser

- Nedbygging av strandlina
- Sikring av areal til friluftsmål
- Auka rammevilkår til organisasjonar
- Skjøtseltiltak i verneområda
- Spelemidlar til friluftslivsanlegg
- Skilting av turmål frå kjøreveg

### Møter


- Fylkeskommunen
- Fylkesmannen
- Statens vegvesen
- Kommunar
- Statskog

### Representasjon

- Medlem anleggsrådet
- Samling for FNF
- Vassregionsamling

### Informasjon

- Nettsida til FNF
- FNF – folder utlevert på møter



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

### 3. Organisatorisk

#### Innleiing

Samansetninga av FNF i dei einssilde fylka tek utgangspunkt i organisasjonane som er med i Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO), Friluftsrådene Landsforbund (FL) og Samarbeidsrådet for naturvernsaker (SRN). Det er opp til organisasjonane i det enkelte fylke å avgjere kor breitt samarbeidet skal vere.

#### Kven er tilslutta FNF nasjonalt

Organisasjonene som er med i Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO) og samarbeidsrådet (SRN) er; 4H Norge, Kristen Idrettskontakt, Den Norske Turistforening, Forbundet KYSTEN, Norges Turmarsjforbund, Norges Jeger- og Fiskerforbund, KFUK-KFUM-speiderne, Norges Klatreforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges Padleforbund, Norges Røde Kors Hjelpekorps, Norges speiderforbund, Skiforeningen, Syklistenes Landsforening, Norges Naturvernforbund og WWF-Norge. Friluftsråda er tilslutta gjennom Friluftsrådene Landsforbund (FL).

#### Kven er tilslutta FNF i Møre og Romsdal

Forutan organisasjonane i arbeidsutvalet har 4 H skreve under tilslutningserklæringa. Somaren 2010 skreiv Friluftsrådet Ålesund og Omland under tilslutningserklæringa. Hausten 2011 skreiv Kristiansund og Nordmøre Turistforening (KNT) og Ålesund og Sunnmøre Turistforening (ÅST) under tilknytningserklæringa. I 2012 skreiv dei 4 speidarorganisasjonane i fylket vårt under tilknytningserklæringa. Pr. 31.12.2012 er det då 12 organisasjonar i fylket som er tilslutta FNF.

#### Arbeidsutvalet FNF

FNF Møre og Romsdal blir styrt av arbeidsutvalet som består av valde representantar frå medlemsorganisasjonane. FNF Møre og Romsdals høgaste organ er det årlege fellesmøtet kor alle medlemsorganisasjonane er representert. Fellesmøtet har vedteke egne retningslinjer for organiseringa og drifta av FNF Møre og Romsdal. Arbeidsutvalet i FNF Møre og Romsdal 2012 ;

Øystein Folden

Naturvernforbundet i Møre og


---

**Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**

Kommunehuset, 6631 BATNFJORDSØRA

Telefon: 46431427 E-post: [moreogromsdal@fnf-nett.no](mailto:moreogromsdal@fnf-nett.no)

Kontonr. 4202 32 54314 [www.fnf-nett.no](http://www.fnf-nett.no)



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

	Romsdal
Åsa Fredly/Roger Hustad	NJFF-Møre og Romsdal
Atle Frantzen	Molde og Romsdals turistforening
Ingolf Mork/Hugo Tingvoll/Ola Fremo	Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal
Geir Haugli	Friluftsrådet Ålesund og Omland

Det har i 2012 vore halde 9 møter (11 møter i 2010 og 2011) med arbeidsutvalet. Møta er ofte halde etter møte med andre organisasjonar (friviljuge/offentlege). Utom desse møta har det vore mykje kontakt på telefon og e-post kommunikasjon.

### **Administrasjon**

Koordinatoransvaret har i 2012 ligge hos Nordmøre og Romsdal friluftsråd med ein 100 % stilling med Ingbjørn Bredeli som ansatt som koordinator i FNF M&R.

### **Fellesmøter**

Det har i 2012 vore halde eit fellesmøte. Dette var fellesmøtet 8. mars med vanlege saker for fellesmøtet.

### **4. Økonomi**

Den økonomiske tilstanden er tilfredsstillande. Det var eit overskot frå tidlegare år og ein starta difor driftsåret 2012 med kr 152 878 i pluss. Med kr 495 533 i overføring frå FRIFO og kr 178 000 i driftstilskot frå fylkeskommunen hadde vi eitt gunstig utgangspunkt for 2012. Dessutan fekk vi i 2012 (som i 2011) eit prosjekttilskot (prosjekt samarbeid) frå fylkeskommunen på kr 200 000. Driftsåret 2012 viser eit overskot på kr 125 279. Når det gjeld øvrige budsjettpostar, viser vi til rekneskap for 2012.